



Normalvedtekter for 4H-klubbar

Vedtekne av landsstyret 7. august 2000. Sist endra 24. oktober 2021.

§ 1. Namn

Namnet på klubben er4H.

§ 2. Formål

Føremålet til 4H-klubben er å utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske.

Grunnlaget for organisasjonen sitt arbeid finst i naturbruksnæringane og i lokalmiljøet.

4H Norge si målsetjing vert uttrykt gjennom 4H lovnaden:

Vi lovar å arbeide mot det mål å verte ein ungdom med klårt Hovud, varmt Hjarte, flinke Hender og god Helse.

4H-klubben er tilknytt 4H..... (namn på fylket), og er ein del av organisasjonen 4H Norge.

§ 3. Arbeid i 4H-klubben

Arbeidsoppgåvene til 4H-klubben er å:

- 1) Utvikle eit godt barne- og ungdomsmiljø på heimstaden ved å drive allsidig 4H-aktivitet.
- 2) Utvikle ein aktiv ungdom med fagleg innsikt og praktisk kunnskap innan natur, kultur, samfunn og helse ved å drive allsidig 4H-arbeid for barn og unge.
- 3) Medverke til samkjensle, arbeidsglede og auka trivsel i lokalsamfunnet ved å gjennomføre 4H-aktivitetar.
- 4) Å lære ved å gjere gjennom 4H-prosjekt, kurs, klubbarbeid og andre aktivitetar.

§ 4. Medlemmer

Barn og unge som vil følge 4H Norge og klubben sine vedtekter og retningslinjer kan verte medlemmer i 4H-klubben

§ 5. Årsmøte

Årsmøtet er 4H-klubben sitt høgaste organ. Årsmøtet skal gjennomførast kvart år før 24.november. Styret kallar inn til årsmøtet. Medlemmene i klubben skal få innkalling til/kunngjering om årsmøtet minst 10 dagar på førehand. Medlemmer mellom 10 og 26 år som har vore med i minst 1 månad, og som har betalt medlemskontingenten, har røysterrett. Det skal førast protokoll frå årsmøtet.

Årsmøtet skal handsame:

- 1) Årsmelding frå styret om arbeidet i klubben siste året.
- 2) Rekneskap for klubben for siste året, signert av klubben sin kasserar og revisor.
- 3) Forslag til årsplan for kommende år



- 4) Forslag til budsjett for kommende år
- 5) Andre innkomne saker. Må vere sendt til klubbstyret minst 5 dagar før årsmøtet.
- 6) Val for eitt år av:
 - a. Leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og minst eit medlem til klubbstyret. Medlemmer i alderen 10 - 25 år, som enda ikkje har plaketten, kan veljast til styret.
 - b. Klubbrådgjevarar.
 - c. 2 representantar med vararepresentantar til årsmøtet for 4H i fylket.
 - d. Val av ein myndig person som kan inngå avtalar for klubben saman med klubbrådgjevar A.(prokura)
 - e. Eventuelt representant(ar) til 4H-nemnda i kommunen, eller andre valte representasjonsoppdrag.
 - f. Valkomité på 3 medlemmer, og ein vararepresentant.
 - g. Revisor til å signere rekneskapet.

Det skal vere skriftleg val på leiar. Ved andre personval skal det vere skriftleg val om det er forslag på meir enn ein kandidat eller dersom nokon krev det. Blanke røyster vert rekna som gyldige røyster.

Ved likt stemmetal skal årsmøtet stemme på nytt. Om det også då er likt stemmetal skal valet avgjerast ved loddtrekning.

§ 6. Styret

Styret har som oppgåve å leie arbeidet i 4H-klubben etter dei vedtekter og reglar som gjeld i organisasjonen 4H Norge. Styret har ansvar for økonomi og aktivitetar i 4H-klubben.

For gyldig vedtak i styret, vert det kravd at minst 3 medlemmer har røysta for framlegget.

Styret førebur møte og ulike aktivitetar i 4H-klubben i samråd med klubbrådgjevar(ar).

Leiaren kallar inn til og leier styremøta.

Sekretæren har ansvar for at det vert ført referat med oppmøteoversikt frå medlemsmøte, styremøte og andre viktige arrangement i 4H-klubben.

Kasseraren fører rekneskap for 4H-klubben og ordnar med alle pengesaker. Kasseraren skal også ha oversikt over og tilsyn med klubben sine eigendelar.

Styret skal etter årsmøtet, og seinast 1. desember, legge inn årsmelding, årsrapport, samandrag av rekneskap, balansekonto, kasseraren sine kommentarar, melding frå revisor og årsplan i medlemsregisteret. Styret skal også registrere nytt styre i medlemsregisteret og i Brønnøysundregistera.

§ 7. Klubbrådgjevarar

4H-klubben skal ha ein eller fleire vaksne klubbrådgjevarar. Klubbrådgjevarane vert valde på årsmøtet, og der det blir valgt fleire klubbrådgjevarar blir dei namngitt med A og B. Dei skal vere rådgjevarar for 4H-klubben og hjelpe styret med å planleggje drifta av klubben. Klubbrådgjevarane fordeler arbeidet seg imellom.

Klubbrådgjevarane og 4H-alumnar har ikkje røysterett ved røysting i 4H-klubben. Dei kan heller ikkje veljast til styrefunksjonar i 4H-klubben.



Klubbrådsgjevar A er prokurist for klubben, saman med ein anna myndig person vald av årsmøtet i klubben.

§ 8. 4H-alumnar

4H-alumnar kan hjelpe klubbrådsgjevarane med ulike frivilligoppgåver i 4H-klubben.

§ 9. Vedtekter

4H-klubben følgjer 4H Norge sine Normalvedtekter for 4H-klubbar. Klubben kan leggje til og endre enkeltpunkt når det er gjort framlegg om det på årsmøtet, og det vert vedteke med minst 2/3 fleirtal.

Vedtektspunkt som ikkje samsvarar med 4H Norge sine normalvedtak skal førast under §12.

Vedtektene, og eventuelle endringar av desse, må godkjennast av 4H-fylkesstyret for å vere gyldige. Framlegg om endring av vedtektene må ha kome til styret minst 20 dagar før årsmøtet i 4H-klubben.

§ 10. Oppløysing av klubben

Ein 4H-klubb kan ikkje oppløysast så lenge minst tre medlemmer vil oppretthalde drifta.

Om ein 4H-klubb sluttar å fungere, skal alle klubben sine verdiar takast vare på av 4H-fylkesstyret. Alle verdiar skal oppbevarast i 5 år. Dersom det ikkje er kome i gang 4H-arbeid på same staden i løpet av denne tida, skal midlane primært brukast til 4H-arbeid andre stader i kommunen eller stillast til rådvelde for 4H-fylkesstyret.

§ 11. Samanslåing av klubbar

Når to eller fleire klubbar vil slå seg saman, gjeld ein av desse framgangsmåtane:

- 1) Alle 4H-klubbane løysast opp etter normalvedtekter for 4H-klubbar. Ny klubb vert starta opp med val av nytt klubbnamn, klubbrådsgjevarar, styre, årsplan og eventuelt andre styringsdokument. Når dette er på plass må stiftelsesprotokoll sendast til Brønnøysundregisteret for å få eit nytt organisasjonsnummer, slik at klubben kan få ny bankkonto. Midlane frå dei oppløyste klubbane går til den nye klubben.
- 2) Dersom klubbane ynskjer samanslåing ved at medlemmane blir invitert over i ein av dei allereie eksisterande klubbane, medan den (dei) andre klubben (klubbane) blir løyst opp, følgjer desse midlane i sin heilskap medlemmane inn i naboklubben.

§ 12. Klubben sine særskilde vedtak

(Her set klubben punktvis inn dei vedtektene som eventuelt avvik frå 4H Norge sine Normalvedtekter for klubb. Det er ikkje mogleg å avvike frå 4H Norge sine nasjonale vedtekter.)

§ 13. Iverksetjing

Desse vedtektene er fastsette på årsmøtet i 4H-klubben den (dato)

Godkjende av 4H-fylkesstyret den (dato)

Gjort gjeldande med verknad frå den (dato).